



## Retningslinjer for besøksheimsoppdrag for Alver barnevernsteneste.

### 1. Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning

Besøksheimsopphald vert dekket etter KS sine veiledande satsar. Timar som går med til bli-kjend-møter, avtalar med saksbehandlar og eventuelle møter skal og førast på timelista. Arbeidsgodtgjering = løn. Utgiftsdekning = eks. mat, toalettartiklar, aktiviteter og liknande ein treng for opphald i besøksheim.

### 2. Køyregodtgjersle

Besøksheimen vil få dekket utgifter til transport til og frå oppdraget, eventuelt og i oppdraget, når dette er nemnt i arbeidsavtalen. Km tal må førast på timeliste for å bli utbetalt.

### 3. Rettleiing

Rettleiing vert gjeve etter behov og blir avtalt i kvart enkelt tilfelle. Kven som er rettleiar kjem fram i arbeidsavtalen. Rettleiing kan og verta gjeve i grupper. Det vil bli gjeve løn for timar med rettleiing. Dette må førast på timelista.

### 4. Rapportar

Barnevernstenesta ber om at besøksheimen leverer inn rapportskjema saman med kvar timeliste. Minimum ein gong kvart kvartal.

### 5. Avlysing av avtaler

Avtalar som blir avlyst av foreldre/fosterforeldra med kort varsel kan førast på timelista og merkast med at avtalen er avlyst. Det vert då gjeve 12 timar lønn i godtgjersle. Ved avlysing i god tid på førehand, fell avtalen *enten bort eller kan takast att ved eit seinare høve*.

### 6. Timelister

Timelistene må påførast barnet sit klientnr. og skal leverast innan den 10. kvar måned for å få utbetalt løn månaden etter den 12. Sjå arbeidsavtalen for klientnr. Timelister skal leverast ikkje sjeldnare enn kvar 3. måned. Timar innan for kalenderåret må leverast innan den 10. januar året etter. Etter dette tidspunkt vil det vere stengt for utbetaling av utførte timer året før.

## **7. Forsikring**

Barnet er ikkje ansvars- eller skadeforsikra av barnevernstenesta. Forsikringsansvaret ligg hjå foreldre eller den/dei som har omsorg for barnet, med mindre barnet bur i fosterheim.

## **8. Politiattest og teiepliktsskjema**

Det skal innhentast ny politiattest for kvart nytt oppdrag. Barnevernstenesta bevitner oppdrag i epost til oppdragstakar. Denne skal leggest ved søknad om politiattest til politiet. Attesten skal ikkje vera eldre enn 3 månader. Teiepliktsskjema skal underteiknast før oppdrag.

## **9. Oppseiing av avtalen**

Det er 1 månads gjensidig oppseiing. Oppseiing skal skje skriftleg.

## **10. Feriepengar og pensjon**

Oppdrag som avlastar gjev rett til feriepengar og pensjon, jamfør KS sine retningslinjer.

## **11. Sjukepengar**

Sjukepengar blir betalt etter gjeldande regelverk.